

## SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar: Johan Tjøland  
Arkivsaksnr.: 16/3097 - 16

Arkiv: 610 &46

### Planlagt behandling:

Hovudutval for lokal utvikling

## KOMMUNALE VEGAR - VEGSTANDARD OG NIVÅ AV VEDLIKEHALD

### **Bakgrunn for saka:**

Det blei i forbindelse med budsjettsamling bestilt ein sak om status på vegstandard i Klepp kommune. Saka blir lagt frem for hovudutval for lokal utvikling som ei orienteringssak.

Klepp kommune eig og drifter 91,4 km asfaltert veg, 9,6 km grusveg og 37 km gang og sykkelvegar.

Standarden på desse vegane varierer. Nokre av dei er gamle grusvegar som i seinare tid har vorte asfalterte. Desse er ikkje opparbeida etter vegnorm og gjeldande standard. Andre igjen er nyare vegar som er opparbeida med fundamentering og vegoverbygning etter vegnorma.

Dette vegnettet krev vedlikehald. Vedlikehald er nødvendig for å oppretthalda og heva vegstandarden opp til gjeldande kvalitetskrav nedfelt i kommunal vegnorm og aktuell norsk standard. Vedlikehaldet bør liggja på eit slikt nivå at dei samla kostnadene over tid vert lågast mogleg.

Tilstanden til ein veg vert påverka av antall køyretøy, graden av tunge køyretøy, kvalitet på dekket, kvalitet på drenering og klimavariasjonar. Alt etter korleis vegen er bygd opp og korleis den er vedlikehalden, vil ein veg anten oppretthalda dagens standard eller gjennomgå ei gradvis forverring av standard.

Akseptabel standard og kvalitet på vegoppbygging og sideanlegg er definert i vegnorma. Klepp kommune er med i samarbeidet om felles vegnorm for 12 kommunar i Sør – Rogaland. Vegnorma sine krav til planlegging, drift og vegbygging følger Statens vegvesen sine handbøker.

Klepp kommune har over tid bygd opp ein vegdatabase der dei kommunale vegane er registrerte og tilstandsvurderte. Registrering og tilstandsvurdering er gjort i samarbeid med firma som har spesialkompetanse på området. Ei slik tilstandsvurdering består av måling av bæreevne, registrering av vegdekket sin kvalitet, tilstandsvurdering av drenering og grad av vatn inntrenging i vegoverbygninga. Vidare også måling av trafikkmengde, registrering av type trafikk og mengde tungtransport og anleggstrafikk.

Basert på desse registreringane har ein kome fram til kor stor del av vegane i Klepp som er såkalla lågstandardvegar. Ein lågstandardveg er ein veg som har så stort skadeomfang at ordinært vedlikehald ikkje vil vera nok for å halda vegen innanfor krav i vegnorma. I 2017 er 11,4 % av dei kommunale vegane i Klepp kategoriserte som lågstandardvegar. Vidare viser berekninga at 14% av vegane vil ha status som lågstandardvegar om 10 år dersom ein held vegvedlikehaldet på dagens nivå. Utviklinga i andelen lågstandardvegar er synleggjort i skildringa av dei fire alternative vedlikehaldsnivåa under, og er vist i vedlegg 1.

### Vegkapital:

Vegkapital er eit uttrykk for vegen sin verdi, og er summen av dei enkelte lag som vegen består av, med fråtrekk av verditapet vegen sitt skadenivå representerar. Ein reduksjon i vegkapitalen er eit uttrykk for at vegen vert slitt raskare enn investert vedlikehald greier å retta opp. Nedbrytingshastigheten vil akselera etter kvart som slitelaget vert eldre. Utviklinga i

vegkapitalen er synleggjort i skildringa av dei fire alternative vedlikehaldsnivåa under, og er vist i vedlegg 2.

### **Vurdering:**

I tillegg til registrering, tilstandsvurdering og berekning av vegkapital, har ein og vurdert ulike nivå av vedlikehald og sett på kva dei får å seia for utvikling av vegstandarden og vegkapitalen. Det er kun tiltak som hever vegstandarden som er med i berekninga, dvs dei midla i budsjettet som er sett av til reasfaltering og rehabilitering av vegoverbygginga.

Ein har vurdert fire alternativ.

#### Alternativ 1 - Grunnberekninga

Det optimale vedlikehaldsnivået, kalla grunnberekninga, legg opp til at det ikkje skal finnast lågstandardvegar etter 1 år. I denne berekninga ligg det til grunn at ein bruker så mykje pengar som nødvendig for å henta inn etterslepet, og deretter det som er nødvendig kvart år for at ingen veg skal utvikla seg til ein lågstandardveg i framtida. For Klepp sin del vil det utgjera 5,73 millionar første året, for å innhenta etterslepet. For å kunne gjennomføra dette vil eit årsgjennomsnitt på 1,8 millionar dei ti første åra, og deretter 1,4 millionar årleg frå år elleve for å oppretthalda standarden. Ved bruk av grunnberekninga vil det ikkje vera lågstandardvegar igjen i Klepp etter 10 år. Ved bruk av grunnberekningsmodellen vil vegkapitalen etter 10 år ha auka til 118,5 millionar.

#### Alternativ 2: - Årleg budsjett på 1,5 millionar

Ved å bruka 1,5 millionar årleg, vil andelen lågstandardvegar vera 4,3% om ti år. Vegkapitalen vil ved bruk av dette alternativet vera 116,2 millionar etter ti år, tilsvarande dagens nivå. Dette alternativet vil kunne oppretthalda dagens vegstandard.

#### Alternativ 3: - Årleg budsjett på 1,2 millionar

Ved å bruka 1,2 millionar årleg, vil andelen lågstandardvegar vera 9% om ti år. Vegkapitalen vil, ved bruk av dette alternativet, etter ti år reduserast til 112,9 millionar. Dette alternativet vil medføra ei gradvis forverring av vegstandarden.

#### Alternativ 4: Årleg budsjett på 0,9 millionar (tilsvarande 2018 budsjettet)

Ein har dei fem føregåande åra budsjettert med 800 000 årleg på teneste 3334 reasfaltering. Årsrekneskapet for kvart av desse åra syner at ein har brukt opp dei budsjetterte midla. Dette beløpet vart i budsjett for 2018 oppjustert til 900 000. Dersom ein legg dette nivået til grunn vil andelen lågstandardvegar auka til 14% om ti år. Vegkapitalen vil ved dagens vedlikehaldsnivå reduserast til 110 millionar etter 10 år. Vegstandarden vil forverrast raskare, og kostnadane med å oppgradera dei dårlegaste vegane til akseptabel standard etter vegnorma vil auka etter kvart som etterslepet vert større.

Berekningane i alle fire alternativa føreset at ikkje rentenivå og råvarepriser aukar meir enn gjennomsnittet dei siste åra. Vidare er føresetnaden at klimaet ikkje endrar seg meir enn dei klimafaktorane som vegnormalane legg opp til å handtera.

Berekningane for dei fire alternativa inneheld heller ikkje vedlikehald av parkeringsplasser, kummer og sluk, fartshumpar, vintervedlikehald, drenering og anna vegutstyr som støyskjermar og rekkverk. Desse kostnadane kjem i tillegg.

### **Konklusjon:**

Optimalt nivå for drift og vedlikehald inneberer dei løysingane som gjer lågast totale kostnader over tid. Den totale kostnaden over ti år vil ved alternativ 1, grunnberekninga, vera lågare enn dei tre andre alternativa. Risikoen for at vegnettet taper økonomisk verdi er minst ved alternativ 1, grunnberekninga.

Analysearbeidet som er gjort, syner at dagens vedlikehaldsnivå er for lågt ut frå optimal drift. Vegstandarden vil forverrast over tid.

Analysearbeidet har ikkje teke omsyn til at reasfaltering av gater der VA leidningane vert skifta ut, vert dekkja av VA budsjettet. Dette beløpet varierer år for år. Eit gjennomsnitt dei fire føregåande åra syner at det har vorte reasfaltert for om lag 100 000,- av VA budsjettet. Dette beløpet kjem i tillegg til dei 900 000 i budsjettet til reasfaltering.

Analysearbeidet som er gjort har og resultert i ei prioriteringsliste over kva vegar som skal vedlikehaldas til ei kvar tid. Denne prioriteringslista er foreløpig ikkje sett i samanheng med andre graveprosjekt som medfører endring i vegstatus, slik som sanering og nylegging av vatn og avlaupsleidningar, legging av el. kablar og fiber, og private graveprosjekt som ein ikkje kjenner omfanget av så langt fram i tid.

Ei endeleg liste over prioriterte vegstrekingar for vedlikehald vil først kunne utarbeidast som eit arbeidsdokument når ein ser alle desse arbeidsoppgåvene samla.

Analysearbeidet som er gjort gjev likevel eit godt bilete på kva nivå vegvedlikehaldet bør liggja på for å ha ein god og tilfredsstillande vegstandard i Klepp kommune, samstundes som dei samla totale kostnadane vert lågast mogleg.

**Vedlegg:**

- 1: Utvikling av vegstandarden over tid med fire ulike nivå av vedlikehald
- 2: Utvikling av vegkapitalen over tid med fire ulike nivå av vedlikehald

**Innstilling:**

Rådmannen sitt forslag til vedtak:

Hovudutval for lokal utvikling tek saka til orientering.

Rådmannen i Klepp 16.08.2018

*Dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ingen signatur.*